

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
074/2015	Formannskapet i Radøy	PS	01.10.2015
053/2015	Kommunestyret i Radøy	PS	22.10.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lin Tove Thomassen	14/989	15/11262

Endring i eigardel - Interkommunalt arkiv i Hordaland

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Interkommunalt arkiv i Hordaland, IKAH, er ein arkivinstutisjon med 6 heiltidstilsette. Dei held til i Bergen, men vert eigd av dei 32 andre kommunane i Hordaland. I 2015 har Radøy kommune ein eigardel på 2,85 %.

Dokumentsenteret som er knytt til Kultur- og sørvistorget samarbeider med IKAH, og IKAH handterer følgjande oppgåver for kommunen:

1. Ordning og katalogisering av kommunen sine eldre arkiv fram til kommunesamanslåingane i 1963-65
2. Utvikling av rutinar for å bevare elektroniske arkiv som autentisk dokumentasjon
3. Mottak av avslutta elektroniske arkiv i samsvar med særskilt avtale
4. Arkivfagleg opplæring av tilsette i kommunen
5. Mottak av personregister som har gått ut av aktiv bruk
6. Utarbeiding av lokalt regelverk der dette må gjerast i følgje forskrifter til arkivlova
7. Rettleiing i arkivarbeid og arkivbevaring i kommunen etter gjeldande regelverk

I følgje selskapsavtalen § 5 Innskottspflicht og eigardel, skal eigardelen justerast kvart fjerde år som eit resultat av samla betalt innskott, samt ved inn- og utmelding. Kommunane betalar eit årleg tilskot etter fordelingsnøkkel. Fordelingsnøkkel gjeldande pr 01.05.2014 byggjer på innbyggjartal i fire kategoriar:

Kommunar med under 3.000 innbyggjarar betaler	kr. 61 297,24
Kommunar med 3.001 – 5.000 innbyggjarar betaler	kr. 88 540,45
Kommunar med 5.001 – 10.000 innbyggjarar betaler	kr. 115 783,67
Kommunar med over 10.001 innbyggjarar betaler	kr. 143 026,88

I perioden 201-2014 har det vore endringar i folketalet som og fører til endring i storleik på tilskotet. I tråd med selskapsavtalen skal eigardelen for den einskilde kommune dermed justerast og endringa skal vedtakast av kommunestyret.

Representantskapsmedlemmene vedtok følgjande i møte 28.04.2015:

Representantskapet sitt vedtak:

Representantskapet vedtek justeringa i eigardelane og gjer dei gjeldande frå 01.01.2016 med atterhald om godkjenning i kommunestyra.

Askøy kommune	4,49	Jondal kommune	1,92	Samnanger kommune	1,92
Austevoll kommune	2,78	Kvam kommune	3,63	Stord kommune	4,49
Austrheim kommune	1,92	Kvinnherad kommune	4,49	Sund kommune	3,63
Bømlo kommune	4,49	Lindås kommune	4,49	Sveio kommune	3,63
Eidfjord kommune	1,92	Masfjorden kommune	1,92	Tysnes kommune	1,92
Etne kommune	2,78	Meland kommune	3,63	Ullensvang herad	2,78
Fedje kommune	1,92	Modalen kommune	1,92	Ulvik herad	1,92
Fitjar kommune	2,78	Odda kommune	3,63	Vaksdal kommune	2,78
Fjell kommune	4,49	Os kommune	4,49	Voss kommune	4,49
Fusa kommune	2,78	Osterøy kommune	3,63	Øygarden kommune	2,78
Granvin herad	1,92	Radøy kommune	3,63	Sum:	100 %

Vedtaket var einstemmig

Radøy sin eigardel har tidlegare vore i kategorien mellom 3001-5000 innbyggjarar og hatt ei årleg utgift på kr 88 540. Sidan vi no er ein kommune med over 5000 innbyggjarar kjem vi i kategorien over, med utgift på kr 115 783 pr år.

I tillegg til selskapsavtalen har Radøy kommune teikna avtale om arkivdepot på 145 hyllemeter og elektronisk depot hjå IKAH. For 2016 utgjer dette kr 93 858,56,- pr år. Dette er det same som for 2015. Dei totale kostnadene til IKAH vil utgjere totalt kr 209 642 i 2016, samanlikna med 182 399 i 2015.

Vurdering

Radøy kommune har ein del etterslep med arkivarbeidet. Saker skal avsluttast og leverast til depot eller oppbevarast etter gjeldande lovverk. Radøy har ikkje lokale for korrekt oppbevaring av all arkivverdige materiale og er avhengig å kunna levere til IKAH.

Dokumentsenteret er sentralarkiv for rådhuset, skular, barnehagar og leiarar. Det går om lag to årsverk med til å handtere arkivarbeidet i kommunen. I tillegg koordinerer arkivansvarleg innsending av materiale til IKAH frå andre tenesteområde i kommunen.

Dokumentsenteret har eit godt samarbeid og nyttar IKAH til rådgeving. IKAH sin fagkompetanse er nødvendig og nyttig for det pågåande arbeidet, både når det gjeld etterslep og det dagelege arbeidet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune vedtek justeringa i eigardelen og gjer den gjeldande frå 01.01.2016.

Formannskapet i Radøy - 074/2015

FS - handsaming:

Formannskapet er ikkje tilfreds med auken i kostnadane til interkommunalt arkiv, og reagerer særleg på at det ikkje er tilstrekkeleg skilnad utfrå kommunestorleik. Formannskapet meiner Radøy kommune med sine vel 5000 innbyggjarar betalar uforholdsmessig mykje i forhold til kommunar med

t.d. 30.000 innbyggjarar.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg:

Radøy kommune godtar ikkje justeringa i eigardelen i Interkommunalt Arkiv i Hordaland. Kommunen ber om at det blir laga ein ny fordelingsnøkkel med intervall-satsar som betre gjenspeglar kommunestorleik.

FS - vedtak:

Radøy kommune godtar ikkje justeringa i eigardelen i Interkommunalt Arkiv i Hordaland. Kommunen ber om at det blir laga ein ny fordelingsnøkkel med intervall-satsar som betre gjenspeglar kommunestorleik.

Kommunestyret i Radøy - 053/2015

KS - handsaming:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

KS - vedtak:

Radøy kommune godtar ikkje justeringa i eigardelen i Interkommunalt Arkiv i Hordaland. Kommunen ber om at det blir laga ein ny fordelingsnøkkel med intervall-satsar som betre gjenspeglar kommunestorleik.

Vedlegg:

Selskapsavtale (L)(14147)

Signert protokoll (L)(6756)